



**DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT**

Akershus fylkeskommune
Postboks 1200 Sentrum
0107 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
25/50-17

Dato
22. desember 2025

Oppdragsbrev for statsbudsjettet 2026 - tilskot til Akershus fylkeskommune

Tilsegnsnr. 510 001

Innleiing

Vi syner til Stortinget si handsaming av Prop. 1 S for Kommunal- og distriktsdepartementet, jf. Innst. 16 S (2025–2026). Kommunal- og distriktsdepartementet, heretter departementet, følgjer opp budsjettvedtaka frå Stortinget for 2026, datert 16. desember 2025, gjennom dette oppdragsbrevet.

Brevet omfattar oppdrag og/eller omtale av desse politikkområda:

Programkategori	Løyving
13.50 Distrikts- og regionalpolitikk	26 347 000
08.45 Likestilling og ikkje-diskriminering*	Sjå nærare omtale s.16

*For denne programkategorien syner vi til Stortinget si handsaming av Prop. 1 S (2025–2026) for Kultur- og likestillingsdepartementet, jf. Innst. 14 S (2025–2026), vedtatt 15. desember 2025.

Departementet vil utbetale midlane for programkategori 13.50 i to omgangar, i januar og i august, med unntak av midlane på post 61, der heile løyvinga for 2026 blir utbetalt i januar. For programkategori 08.45 blir midlane utbetalte fortløpande ettersom søknadane blir handsama.

Har fylkeskommunen fått nytt kontonummer?

For å kunne utbetale midlane må departementet få melding om korrekt bankkontonummer, organisasjonsnummer og/eller postadresse dersom det er gjort endringar. Fylkeskommunane det gjeld skal sende meldinga i brev form på fylkeskommunen sitt offisielle

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kdd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kdd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Regionalpolitisk
avdeling

Saksbehandlar
Benedikte Gyribye
Olafsen
22 24 70 58

brevark til postmottak@kdd.dep.no. Brevet må innehalde nytt kontonummer, organisasjonsnummer og postadresse, og skal vere signert av økonomisjef eller tilsvarande.

Innhold

Oppdragsbrev for statsbudsjettet 2026 - tilskot til Akershus fylkeskommune	1
1. Programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk	4
1.1. Distrikts- og regionalpolitiske mål	4
1.2. Ramme til distrikts- og regionalpolitiske føremål	6
1.3. Mål for innsatsen til fylkeskommunane	6
Mål 1: Næringsutvikling, verdiskaping og attraktive arbeidsmarknader i regionar og distrikt	6
Mål 2: Regional utvikling over landegrensene og i nordområda	11
1.4. Anna relevant innsats	12
1.5. Utbetaling, rapportering, evalueringar og kontroll	13
2. Programkategori 08.45 Likestilling og ikkje-diskriminering	16
2.1 Universell utforming i regional og kommunal planlegging	16
4. Fristar i 2026 og 2027	18
5. Avslutning	19
6. Vedlegg	19

1. Programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk

1.1. Distrikts- og regionalpolitiske mål

Regjeringa sitt mål for distrikts- og regionalpolitikken er at «folk skal kunne leve eit godt liv i heile Noreg, at alle lokalsamfunn skal ha rom for utvikling og verdiskaping, og at folketalet skal auke i distriktskommunar. Regjeringa vil arbeide for at folk har tilgang på arbeid, bustad og gode tenester nær der dei bur. Regjeringa vil legge til rette for trygge, berekraftige og levande lokalsamfunn i heile landet gjennom desentraliserte løysingar» (jf. Meld. St. 27 (2022–2023) Eit godt liv i heile Noreg – distriktpolitikk for framtida).

Programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk er ein målretta innsats mot særleg strategisk viktige område, der utfordringane ikkje kan løysast av sektorpolitisk innsats aleine. Midlane over programkategorien er øyremerkte økonomiske verkemiddel for å bidra til å realisere dei nasjonale distrikts- og regionalpolitiske måla.

Tabell 1 Mål for programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk

1. Næringsutvikling, verdiskaping og attraktive arbeidsmarknader i regionar og distrikt
2. Regional utvikling over landegrensene og i nordområda
3. Styrkt utviklingskapasitet og velfungerande tenestetilbod i distrikta

Fylkeskommunane som regionale samfunnsutviklarar

Fylkeskommunane har det leiande ansvaret for å utforme regionale strategiar for utvikling, og å utvikle, samordne og følgje opp regionale mål for utviklinga i sitt fylke. Dette inneber òg at fylkeskommunane skal mobilisere og samordne ulike aktørar lokalt og regionalt som er viktige for regional utvikling i fylket, slik at den samla innsatsen medverkar til at utviklinga i fylket går i den retninga ein ønskjer. I rolla som samfunnsutviklar ligg det òg eit ansvar for å bidra til samfunnsutvikling, innovasjon og digitalisering i distriktskommunane, i dialog og i samarbeid med kommunane, Innovasjon Noreg, Siva, KS, DOGA, Distriktssenteret, andre verkemiddelaktørar og Statsforvaltaren. Fylkeskommunane, saman med andre aktørar, kan og bør utgjere eit lag rundt distriktskommunane i fylket, for å styrkje og rettleie dei i planlegging, oppgåveløysing og utviklingsarbeid.

Regjeringa har bestemt at dei 17 berekraftsmåla til FN, som Noreg har slutta seg til, skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid. Det er derfor viktig at berekraftsmåla blir ein del av grunnlaget for å fylla denne rolla med innhald. Dei nasjonale forventningane til kommunal og regional planlegging skal ligge til grunn for arbeidet.

Fylkeskommunane si kompetansepolitiske rolle og ansvar

Fylkeskommunane har eit heilskapleg kompetansepolitisk ansvar for å bidra til best moglege samsvar mellom etterspørsel etter arbeidskraft og tilbod av utdanning og kompetanse i eigen region. Ansvaret omfattar mellom anna vidaregåande opplæring, høgare yrkesfagleg utdanning, karriererettleiing og studiesenter. I ansvaret ligg det òg å sjå fylkeskommunane

sitt arbeid med kompetanseutvikling i samanheng med arbeid med næringsutvikling og arbeidet med å redusere utanforskap. Regionale planar, basert på kunnskap om lokale og regionale kompetansebehov, er gode verktøy for å samordne innsatsen. Fylkeskommunane blir oppmoda til å drøfte sine planlagde tiltak og utlysingar i regionale kompetansefora og liknande partnerskap.

Samarbeid med dei næringsretta verkemiddelaktørane

Departementet forventar at fylkeskommunane har eit godt samarbeid med Siva, Innovasjon Noreg og Forskringsrådet om mål og strategiar for næringsutvikling i sitt fylke, og nyttar det regionale partnerskapet aktivt. Samarbeidet skal gi ei klar arbeidsdeling mellom aktørane, og skape ein god regional infrastruktur for innovasjon. Departementet støttar opp om avtalane som er inngått mellom fylkeskommunar og verkemiddelaktørane på fylkesnivå. Samarbeidet fylkeskommunane har med KS, Siva, Forskringsrådet og Innovasjon Noreg om samfunnsoppdraget om sirkulær grøn industriutvikling og sirkulære verdikjeder – den såkalla *Missions-satsinga* – er eit godt døme på dette.

Departementet syner òg til hovudprinsippet for den grønne dreininga av det næringsretta verkemiddelapparatet, om at prosjekt som tek imot støtte gjennom det næringsretta verkemiddelapparatet, skal ha ein plass på vegen mot Noreg sine forpliktingar under Parisavtalen og lågutsleppssamfunnet i 2050. Prinsippet famnar både prosjekt med nøytral effekt og prosjekt med positiv effekt på grøn omstilling, og er til dømes ikkje til hinder for å støtte gode prosjekt i petroleumsnæringa.

Samarbeid med Kompetansesenter for distriktsutvikling (Distriktssenteret)

Departementet oppmodar fylkeskommunane om å lage avtaler med Distriktssenteret som rammer for dialog og samarbeid om å møte utfordringar og moglege løysingar for å fremje lokal samfunnsutvikling i distriktskommunar. Distriktssenteret skal mellom anna vidareutvikle rettleiingsmateriell som fylkeskommunane kan bruke for å støtte opp om samfunnsutviklingsarbeidet i distriktskommunar.

Samarbeid med statsforvaltarane

Departementet oppmodar fylkeskommunane til dialog med statsforvaltarane der det er føremålstenleg. Det gjeld mellom anna i rettleiing og bistand knytt til plan- og strategiprosessar i kommunane, herunder oppfølging av *post 65 Omstilling og utvikling i område med særlege distriktsutfordringar* og *post 66 Bygdevekstavtaler* dersom slike prosjekt finst i fylket.

1.2. Ramme til distrikts- og regionalpolitiske føremål

Samla løyving til fylkeskommunane over programkategori 13.50 er på om lag 1 170 mill. kroner for 2026. Vedlegg 1 syner fordelinga av løyvinga for kvar ein skilde fylkeskommune. Løyvinga til Akershus fylkeskommune ligg i tabell 2 under.

Tabell 2 Mål, kap./post og løyving for 2026 til Akershus fylkeskommune

Mål	Kap./post	Nemning	Løyving
1 Næringsutvikling, verdiskaping og attraktive arbeidsmarknader i regionar og distrikt	553.60	Kompetanse og arbeidskraft i distriktene	500 000
	553.61	Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling	22 699 000
	553.69	Mobilisering til forskingsbasert innovasjon	3 148 000
Sum			26 347 000

Departementet tildeler midlane over programkategori 13.50 til fylkeskommunane som tilskot utan krav om tilbakebetaling, jf. romartalsvedtak IX i Innst. 16 S (2025–2026). Det betyr at fylkeskommunane kan disponere midlane uavhengig av kva år løyvinga er gitt. Det er ikkje høve til å overføre midlar mellom dei ulike budsjettpostane i oppdraget.

1.3. Mål for innsatsen til fylkeskommunane

Mål 1: Næringsutvikling, verdiskaping og attraktive arbeidsmarknader i regionar og distrikt

Kap. 553, post 60 Kompetanse og arbeidskraft i distrikta

Frå 2026 omfattar posten berre ordninga *Tilskot til studiesenter*. Ordninga *Tilskot til mobilisering til utdanning og kompetanseheving* er avvikla.

Tilskot til studiesenter

Ordninga skal bidra til at utdanning og kompetanseutvikling blir tilgjengeleg for innbyggjarar og tilsette i verksemder som ikkje kan følgje ordinær undervisning ved dei faste studiestadane. Dette skal skje ved ein auka innsats for etablering av fleire etterspurde, fleksible og desentrale tilbod på utdanning, auka tal på studentar med etterspurd kompetanse ved studiestadane og at fleire utanfor arbeidslivet får utdanning og kompetanseutvikling ved studiesentera¹.

Løyvinga er på totalt 74,7 mill. kroner i 2026, inkludert gjennomføringskostnadar til fylkeskommunane. Ordninga *Tilskot til mobilisering til utdanning og kompetanseheving* er avvikla, men fylkeskommunane kan bruke inntil 500 000 kroner frå studiesenterordninga til å

¹ Studiesenter er fysiske møteplassar og læringsmiljø utanfor etablerte studiestader. Eit studiesenter legg til rette for desentralisert og fleksibel utdanning og kompetanseutvikling i distrikta i samsvar med behova til individ, arbeidsliv og offentlege og private verksemder. Det er gjerne vidaregåande skular, høgskular og universitet som er fagansvarlege for tilboda ved studiesentera.

gjennomføre mobiliseringsprosjekt som var starta opp i 2025. Løyvinga blir fordelt med eit grunnbeløp på 1 mill. kroner til alle fylkeskommunane, med unntak av Akershus, Oslo og Vestfold. Resterande midlar blir fordelte gjennom ein distriktskomponent². Sjå vedlegg 1 for fylkesfordeling av midlane. Fylkeskommunane kan nytte inntil 5 prosent av ramma til administrasjon av ordninga.

Fylkeskommunane oppmodast til å drøfte sine planlagde tiltak og utlysingar i regionale kompetansefora og liknande partnerskap.

Forvaltning av tilskotsordninga er regulert i [Forskrift om Kommunal- og distriktsdepartementets tilskot til kompetanse og arbeidskraft i distrikta](#), sjå vedlegg 10.

Sjå pkt. 1.5 om rapportering på ordninga og pkt. 4. fristar i 2026 og 2027.

Kap. 553, post 61 Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling

Målet med midlane er å mobilisere verksemder til innovasjon og bidra til verdiskaping, sysselsetjing og nyskaping i regionane. Vidare skal dei bidra til å utløyse ny aktivitet i næringslivet i distriktsområda som ikkje blir ivareteke gjennom nasjonale verkemiddel. Midlane skal òg bidra til grøn omstilling av næringslivet i regionane og distrikta.

Som ein del av vidareutviklinga av Siva som ein reindyrka nasjonal verkemiddelaktør for industriutvikling, vert forvaltninga av inkubasjonsprogrammet og næringshageprogrammet flytta til Innovasjon Noreg frå 1. april 2026. Dette inkluderer ei overføring av tilsette. Etter overføringa vil alle oppdrag under post 61 forvaltast av Innovasjon Noreg. Oppdrag for løyvinga skal som før bli gitt av fylkeskommunane. Sidan overføringa først skjer 1. april vil oppdragsbrev for inkubasjonsprogrammet og næringshageprogrammet for 2026 sendast frå fylkeskommunane til Siva som tidlegare, med Innovasjon Noreg i kopi. Oppdrag, føringar og retningslinjer følgjer med programma over til Innovasjon Noreg.

Oppdragsgjevaransvaret

Fylkeskommunane har ansvar for å utforme og finansiere oppdrag til Innovasjon Noreg og Siva i sitt fylke, ut frå regionale behov og prioriteringar. Fylkeskommunane har ansvaret for styringsdialogen med Innovasjon Noreg og Siva for dei fylkeskommunale oppdraga. Styringsdialogen med Siva held fram til næringshageprogrammet og inkubasjonsprogrammet er overført til Innovasjon Noreg. Etter overføringa vil styringsdialogen om programma vere mellom Innovasjon Noreg og fylkeskommunane. Departementet syner til retningslinjene for posten, som er oppdaterte for 2026.

Departementet tilrår at fylkeskommunane nyttar malar for oppdragsbrev til Innovasjon Noreg og Siva (sjå vedlegg 4 og 5). Malane er oppdaterte for 2026, og det er viktig at fylkeskommunane gjer seg kjende med endringane som følgje av overføringa av næringshageprogrammet og inkubasjonsprogrammet til Innovasjon Noreg. Eventuelle

² Fast grunnsum på 1 mill. kroner. Resten av midlane er fordelte ut frå talet på kommunar i fylket som har ein verdi på distriktsindeksen på under 50.

tilleggsoppdrag i løpet av året som ikke nevnes i oppdragsbrevet, skal gis i form av supplerende oppdragsbrev.

Forvaltinga av midlane

Midlane er fordelt til fylkeskommunane etter ein berekningsmodell som består av ein distriktsdel og ein regionaldel. Distriktsdelen utgjer 75 prosent av midlane på posten og tek utgangspunkt i distriktsindeksen, med ei ekstra vektlegging av innsatssona. Regionaldelen utgjer 25 prosent av midlane, der halvparten blir fordelt med ein lik grunnsom til kvar av fylka, medan den andre halvparten blir fordelt etter folketal. Sjå vedlegg 1 for den fylkesvise fordelinga av posten.

Departementet vil overføre administrasjons- og gjennomføringskostnadene for første kvartal 2026 direkte til Siva på vegner av fylkeskommunane. Denne løyvinga utgjer 4,8 mill. kroner. Talet er fastsett i dialog mellom fylkeskommunane og Siva. Dersom Siva har ubrukte midler til administrasjon og gjennomføring for programma per 1. april 2026, skal midlane bli overført til Innovasjon Noreg. Innovasjon Noreg skal bruke midlane i tråd med formålet.

Kvar fylkeskommune har ansvar for å dekke alle administrasjons- og gjennomføringskostnader for sitt oppdrag til Innovasjon Noreg, i samsvar med basiskostnadsmodellen. Innovasjon Noreg sentralt reknar ut vederlaget for administrasjons- og gjennomføringskostnader for kvart fylkesoppdrag, basert på erfaringstal³. Fylkeskommunane må tildele administrasjons- og gjennomføringskostnader for næringshageprogrammet og inkubasjonsprogrammet til Innovasjon Noreg for perioden 1. april–31. desember. Innovasjon Noreg vil i samarbeid med Siva rekne ut anslag for desse kostnadane, og fylkeskommunane tildeler desse midlane i deira oppdragsbrev til Innovasjon Noreg.

Kvar fylkeskommune har høve til å nytte inntil 100 000 kroner over posten for å dekke kostnadane fylkeskommunen har ved å forme oppdrag og gjennomføre styringsdialog med Innovasjon Noreg og Siva.

Fylkeskommunane skal sørge for at det ligg føre tilfredsstillande rutinar for oppdragsbrev, utbetaling av tilskot, styringsmøte, prosedyrar og krav til rapportering og eventuelle andre forpliktingar overfor Innovasjon Noreg og Siva. Departementet tilrår at fylkeskommunane som kollegium følgjer opp samla resultat, måloppnåing og effektivitet i det einskilde verkemiddelet og revisjon av verkemidla.

Departementet utbetalar vanlegvis midlane over kap. 553 post 61 i to delar. I 2026 vil derimot departementet utbetale heile løyvinga til fylkeskommunane i januar. Fylkeskommunane skal betale ut heile løyvinga for oppdraga til Innovasjon Noreg og Siva innan 1. mars. For 2026 blir det dermed ei årleg utbetaling, i stedet for to. Fylkeskommunane blir oppmoda til å gjennomføre utbetalinga så snart eige budsjettvedtak ligg føre, og har dialog med Siva om eventuelle likviditetsbehov for næringshagar og inkubatorar før utbetalingsfristen.

³ Sjå retningslinjene for post 61 for meir informasjon om administrasjons- og gjennomføringskostnader.

Utforming av satsingsforslag og innspel til budsjett for kap. 553, post 61

I innspel til statsbudsjettets kap. 553, post 61, skal fylkeskommunane kvart år levere forslag til:

1. eventuelle behov for auka ramme, og
2. korleis ein vil prioritere ved eit kutt på 10 prosent av ramma, og konsekvensane av eit slikt kutt.

Fylkeskommunane kan òg levere satsingsforslag for nye satsingar eller større endringar. Både satsingsforslag og vurderingar av behov for auka rammar skal fylgje spørsmåla i utgreiingsinstruksen, med vurderingar og grunngjeving av behov og tiltak.

Fylkeskommunane organiserer arbeidet med utforming av innspel til budsjett og satsingsforslag. Innspel og forslag leverast samla frå fylkeskommunane.

Sjå pkt. 1.5 om rapportering på ordninga og *pkt. 4. fristar i 2026 og 2027.*

Kap. 553, post 65 Omstilling og utvikling i område med særlege distriktsutfordringar

Posten omfattar ordningane Bistand og rettleiing til distriktskommunar med særlege utfordringar med strategisk utviklingsarbeid, Tilskot til kommunar med langvarig nedgang i befolkning og sysselsetting av særleg omfattande grad og Tilskot til omstilling i kommunar eller regionar med vesentleg fall i sysselsettinga over relativt kort tid. Frå 2026 omfattar posten òg ordningane Leverandørutvikling knytt til Forsvaret i nord og Stadutvikling i forsvarskommunar.

Bistand og rettleiing til distriktskommunar

Mål for ordninga er auka utviklingsevne og strategisk arbeid i distriktskommunar, mellom anna gjennom nye måtar å løyse oppgåver, og styrkt strategisk samfunnsplanlegging.

Tilskot til kommunar med langvarig nedgang i befolkning og sysselsetting av særleg omfattande grad

Mål for ordninga er å styrkje kommunane sin kapasitet til å handtere situasjonen og auka attraktivitet for busetnad og næringsliv.

Tilskot til omstilling i kommunar eller regionar med vesentleg fall i sysselsetting over relativt kort tid

Mål for ordninga er å styrkje næringsgrunnlaget og bidra til etablering av nye arbeidsplassar i kommunar eller regionar som opplever vesentleg nedgang i sysselsettinga over relativt kort tid.

Stortinget har løyvd 117 mill. kroner til desse tre ordningane. Av løyvinga går 13 mill. kroner til Innovasjon Noreg, som er eit nasjonalt kompetanseorgan for lokalt og regionalt omstillingsarbeid. Innovasjon Noreg kan på oppdrag frå fylkeskommunane gi råd, verkemiddel, rettleiing og kvalitetssikring på omstillingsprogram. Innovasjon Noreg følgjer

opp omstillingsområda, vidareutviklar verktøy, handterer rammeavtalar med erfarne konsulentar som kommunane kan nytte, og medfinansierer mellom anna verktøya SMB Utvikling, Næringsvennleg kommune og Vegen vidare etter omstillingsperioden. Innovasjon Noreg bestiller og finansierer sluttevalueringar av alle omstillingsprogram. Innovasjon Noreg skal sikre læring- og erfaringsoverføring på tvers av alle omstillingsområdar og fylkeskommunar.

Sjå vedlegg 1 for fylkesfordeling av midlane. Delar av løyvinga på posten er fordelt på grunnlag av innspel frå fylkeskommunane om kommunar og regionar der det er stor reduksjon i talet på sysselsette i hjørnesteinsverksemdar/-næringar. Resten av løyvinga er fordelt med utgangspunkt i folketalet i dei 120 kommunane som skårar lågast på distriktsindeksen. Departementet vil i februar sende eit eige brev til fylkeskommunane om budsjettinnspel for 2027.

Fylkeskommunane disponerer si løyving fritt mellom ordningane over posten. Det er lagt opp til at innsatsen over tilskotsordningane blir samfinansiert av stat, fylkeskommune og kommune. Innsatsen kjem i tillegg til, og bør sjåast i samheng med, andre verkemiddel og ordningar.

For alle tre ordningane er målsettinga om varig utviklingsevne løfta. I 2024 var Innovasjon Noreg og Telemark og Innlandet fylkeskommunar prosjekteigarar for pilotprosjektet «Omstillingskommunanes utviklingsevne». Prosjektet utvikla, prøvde ut og evaluerte ulike verktøy for å måle og forbetre utviklingsevne i omstillingskommunar. Det har vore gjennomført pilotar som har testa nye verktøy og indikatorar, og [Innovasjon Noreg har innarbeidd dette i verktøy og malar for omstillingsordningane](#).

Forvaltning av tilskotsordninga er regulert i [Forskrift om Tilskuddsordningar til omstilling og utvikling i områder med særlige distriktsutfordringer](#), sjå vedlegg 7. For ordninga *Bistand og rettleiing til distriktskommunar*, gjeld vedlagte retningslinjer frå KDD (vedlegg 12), sist oppdatert 20.11.2024.

Fylkeskommunen har ansvaret for alle tre ordningane i eige fylke. I omstillingsarbeidet er det viktig at fylkeskommunane, Innovasjon Noreg og omstillingskommunane samarbeider aktivt. Fylkeskommunane fordeler midlane til omstillingskommunar. I ordninga *Bistand og rettleiing til distriktskommunar* skal fylkeskommunen invitere inn aktørar som statsforvaltar, Distriktssenteret, statlege etatar og verkemiddelaktørar der det er føremålstenleg.

For å legge til rette for eit heilskapleg og godt utviklingsarbeid, ber Kommunal- og distriktsdepartementet fylkeskommunen bidra til at omstillingsarbeidet i dei aktuelle kommunane kan samverke eller bli integrert med eksisterande bygdevekstavtalar, og/eller andre kommunesamarbeid og samarbeidsinitiativ, som mellom anna kan vere støtta av statsforvaltar. Føremålet er å styrkje kapasitet, få synergjar mellom ordningane og bidra til koordinert innsats.

Sjå pkt. 1.5 om rapportering på ordninga og pkt. 4. fristar i 2026 og 2027.

Kap. 553, post 69 Mobilisering til forskningsbasert innovasjon

Posten omfattar ordninga Forskningsbasert innovasjon i regionane (FORREGION) og FoU-program innan marin bioteknologi i Nord-Noreg (Mabit).

FORREGION

FORREGION skal få fleire bedrifter til å bruke forskning i sitt innovasjonsarbeid, og skal mobilisere næringslivet til å nytte andre verkemiddel for forskning, som Forskringsrådets nasjonale program eller internasjonale ordningar. Løyvinga er på 60,2 mill. kroner.

Midlane er fordelte til fylkeskommunane som forvaltar ordninga. Ordninga er regulert i forskrift om [Kommunal- og distriktsdepartementets tilskudd til Forskningsbasert innovasjon i regionene FORREGION forvaltet av fylkeskommunene](#), sjå vedlegg 8.

Sjå pkt. 1.5 om rapportering på ordninga og pkt. 4. fristar i 2026 og 2027.

Mål 2: Regional utvikling over landegrensene og i nordområda

Kap. 553, post 63 Interreg, Arktis 2030 og det norske Barentssekretariatet

Interreg

Det overordna målet med Interreg er ei balansert utvikling gjennom samarbeid mellom land i Europa. Programma skal konsentrere seg om eit utval av desse måla: eit smartare Europa, eit grønarare Europa, eit meir samanknytt Europa, eit meir sosialt Europa og eit Europa nærare borgarane. Programdokument for kvart einskild program regulerer satsingsområde, tildelingskriterium, kriterium for måloppnåing, aktivitetar og resultatoppnåing, evaluering og krav til innhald i årsrapporten. Programdokumenta for perioden 2021–2027 er godkjende av norske styresmakter, samarbeidslanda og Europakommisjonen.

Løyvinga på 54,3 mill. kroner skal dekke fylkeskommunane si deltaking i Interreg-programma Øresund–Kattegat–Skagerrak (ØKS), Sverige–Noreg og Aurora (Sverige-Finland-Noreg). Midlane blir overførte til den fylkeskommunen som er sekretariat for det einskilde programmet. Ei oversikt over fordeling mellom programma og sekretariatsfylke er i vedlegg 2.

Sjå pkt. 1.5 om rapportering på ordninga og pkt. 4. fristar i 2026 og 2027.

1.4. Anna relevant innsats

Under dette punktet har departementet lista opp program, strategiar og arbeid i programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk som er relevante for fylkeskommunane.

Eit felles digitalt system for offentlig tilskotsforvaltning

Kommunal- og distriktsdepartementet har saman med KS og KS Digital mottatt tilsegn på 32 mill. kroner frå medfinansieringsordninga⁴, til prosjektet *eit felles digitalt system for offentlig tilskotsforvaltning*. Det nye systemet skal erstatte dagens regionalforvaltning.no, som nyttast av både kommunar og fylkeskommunar.

I første omgang skal systemet erstatte regionalforvaltning.no slik det er i dag. Etter kvart skal systemet kunne handtere langt fleire tilskot i offentlig sektor. Målet er å gi søkjar og forvaltar ei vesentleg betre og saumlaus tilskotsforvaltning, gjennom standardisering, effektivisering, integrasjonar og automatisering.

Det er oppretta ei styringsgruppe for prosjektet med representantar frå fylkeskommunar, kommunar, KS og KS Digital. Digitaliseringsdirektoratet har observasjonsstatus. Brukarrådet til regionalforvaltning.no er utvida til å omfatte alle fylkeskommunar og er involvert i utviklingsarbeidet. I tråd med oppmodinga frå prosjektleiinga til fylkesdirektørane hausten 2025, ber vi om at fylkeskommunane følgjer opp og startar førebuinga i eigen organisasjon for at det nye systemet skal kunne takast i bruk for fleire av fylkeskommunane sine tilskotsordningar.

Kommunesektoren skal forvalte, drifte og vedlikehalde det nye systemet. Departementet tar sikte på at det nye systemet vil vere klart i slutten av 2026, fram til då skal regionalforvaltning.no nyttast.

Nordområdestrategi

Regjeringa la hausten 2025 fram ein ny nordområdestrategi. Strategien peikar ut fem innsatsområde som skal danne grunnlaget for regjeringa sin nordområdepolitikk framover. Målet er at Nord-Noreg skal ha livskraftige lokalsamfunn der folk ønskjer å bu, og som bidreg til tryggleik og beredskap. I møte med dagens utfordringsbilete og geopolitiske situasjon har det aldri vore viktigare at vi får eit berekraftig, sterkt og motstandsdyktig nord.

Regjeringa ser fylkeskommunane som ein viktig medspelar og bidragsytar i oppfølginga av nordområdestrategien og i vidareutvikling av nordområdepolitikken mellom anna gjennom Regionalt nordområdeforum.

Innsatssona i Finnmark og Nord-Troms er viktig for aktivitet og busetting og inngår i nordområdestrategien. Målet med sona er å gjere regionen attraktiv for busetting, arbeid og næringsliv. Unge vaksne og barnefamiliar er hovudmålgruppa.

⁴ Medfinansieringsordninga forvalta av Digitaliseringsdirektoratet.

Transnasjonale og interregionale Interreg-program (kap. 553, post 76)

Departementet finansierer norsk deltaking i dei transnasjonale Interreg-programma Østersjøen, Nordsjøen og Nordleg Periferi og Arktis og dei heileuropeiske programma Interreg Europe, ESPON, URBACT og Interact. Desse programma har det same overordna målet som dei grenseregionale programma. Programgeografi og konkrete prioriteringar varierer mellom programma. I 2026 er det sett av om lag 17 mill. kroner til desse programma under kap. 553, post 76.

Samfunnsoppdrag for inkludering av barn og unge

Regjeringa har satt i gang eit samfunnsoppdrag for å inkludere fleire barn og unge i utdanning, arbeid og samfunnsliv. Det overordna målet er ein betydeleg reduksjon i utanforskap blant barn og unge innan 2035. Forskringsrådet har vertskapet for innsatsgruppa som skal arbeide operativt med samfunnsoppdraget.

Fylkeskommunane spelar ei viktig rolle i arbeidet med barn og unge i utanforskap i kraft av deira ansvar for vidaregåande skular, folkehelse, kulturutvikling, kollektivtransport, samfunnsutvikling mv., og i rolla som rettleiar overfor kommunane. Departementet oppmodar fylkeskommunane til å sjå korleis dykk kan arbeide for å styrkje måloppnåinga i arbeidet med å redusere utanforskap blant barn og unge. Fylkeskommunane kan òg sjå på korleis ein kan nytte midlane løyvd til *post 60 Tilskot til studiesenter* til å redusere utanforskap blant barn og unge.

Departementet oppmodar vidare fylkeskommunane til å sjå på moglegheitene for synergi med andre statlege verkemiddel dei forvaltar, og til å nytte samfunnsoppdraget som ein inngang til samarbeid med aktuelle aktørar slik som til døme statsforvaltaren.

Samfunnsoppdraget for å inkludere barn og unge kan sjåast i samanheng med fylkeskommunane sitt ansvar etter folkehelseloven. Fylkeskommunen skal vere pådrivar for og samordne folkehelsearbeidet i fylket, til døme gjennom partnerskap.

1.5. Utbetaling, rapportering, evalueringar og kontroll

Utbetaling

Departementet vil utbetale midlane for programkategori 13.50 i to omgangar, i januar og august, med unntak av kap. 553, post 61 som betalast ut i ein omgang i januar. Midlane skal setjast på ein renteberande konto, og eventuelle opparbeida renteinntekter skal gå til dei same føremåla som for dei opprinnelege midlane.

Fylkeskommunane må melde frå til departementet dersom det skjer byte av kontonummer løyvinga skal overførast til. Gi beskjed om det nye kontonummeret per brev til postmottak@kdd.dep.no.

I utbetalinga av midlar frå fylkeskommunen til Innovasjon Noreg og Siva må det spesifiserast kva for finansieringskjelde/post løyvinga tilhøyrar.

Fylkeskommunane kan disponere midlane tildelt over postane uavhengig av løyvingår, innanfor formålet til posten. Unytta midlar og renteinntekter kan nyttast innanfor formålet til den aktuelle posten.

Kunngjering, rapportering og registrering av rammer og tilsegner

Alle tilskotsordningar skal bli kunngjort på regionalforvaltning.no, med unntak av ordningar som Innovasjon Noreg og Siva forvaltar, og FORREGION på kap. 553 post 69 *Mobilisering til forskingsbasert innovasjon*. Fylkeskommunane skal registrere alle tildelingar i regionalforvaltning.no. Alle søkjarar må nytte fagsystemet for å sende inn søknader.

Fylkeskommunane skal rettleie andre forvaltarar i bruken av regionalforvaltning.no, og sørge for at all informasjon om tilsegn er lagt inn på rett måte. Registreringane er nødvendige for at departementet skal rapportere inn rett bruk av midlane til Stortinget. Sjå vedlegg 3 for krav til kven som skal rapportere og til innhaldet i aktivitetsrapporteringa.

Særskild om rapportering på post 60 Kompetanse og arbeidsutvikling i distrikta

Kriteria for måloppnåing blir følgd opp gjennom årleg rapportering, jf. forskrift.

Fylkeskommunen skal levere ein kortfatta rapport i regionalforvaltning.no til departementet. For 2025 skal det rapporterast på både mobiliseringsordninga og studiesenterordninga. Sjå vedlegg 11 for oppdatert mal.

Særskild om rapportering på post 61 Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling

Vi ber om at fylkeskommunane registrerer fordelinga mellom Innovasjon Noreg og Siva og mellom verkemidla i regionalforvaltning.no på kap. 553, post 61. Som grunnlag for rapportering til Stortinget i budsjettet for 2027 ber departementet fylkeskommunen sende kopi av alle regionale oppdragsbrev til Siva og Innovasjon Noreg, og kopi av den fylkesvise årlege rapporteringa frå verkemiddelaktørane til postmottak@kdd.dep.no.

Særskild om rapportering på post 63 Interreg og Regionalt nordområdeforum

For Interreg er det sekretariatsfylka som har ansvaret for å registrere den statlege norske finansieringsdelen i regionalforvaltning.no. Fylkeskommunen skal rapportere på forbruk og aktivitet i Regionalt nordområdeforum, i samsvar med forumets formål og budsjett.

Særskild om rapportering på post 65 Omstilling og utvikling i område med særlege distriktsutfordringar

Fylkeskommunen skal registrere alle tildelingar i regionalforvaltning.no. Fylkeskommunen skal opprette ei ramme i regionalforvaltning.no for kvar av ordningane på post 65 som blir brukt. Under desse rammene skal det for kvart tilsegn gå fram:

- mottakar av tilskotet og beløp
- grunngjeving for tildeling/aktiviteten og forholdet til måla for ordningane.

Måloppnåing blir vurdert gjennom evaluering av det einskilte omstillingsprogrammet etter omstillingsperioden.

Særskild om rapportering på post 69 Mobilisering til forskningsbasert innovasjon

Fylkeskommunane skal rapportere på tilskotet til FORREGION gjennom regionalforvaltning.no, jf. forskrift. Fylkeskommunane rapporterer på gjennomførte aktivitetar i 2025, økonomi, og kriterium for måloppnåing bokstav a og b, jf. pkt. 1.3. Rapportering på bokstav c dokumenterast gjennom fylkeskommunane sine evalueringar og meir langsiktige arbeid, og sendast til postmottak i KDD.

Evaluering

Langsiktige effektar av tiltaka blir målte gjennom evalueringar. Departementet vil drøfte aktuelle problemstillingar og tema for evalueringane med fylkeskommunane.

Departementet ber om at fylkeskommunane løypande melder inn evalueringar som er planlagde, sette i gang eller avslutta i 2026. Evalueringar som er gjort tilgjengelege for allmenta, skal sendast til Nasjonalbiblioteket i tråd med pliktavleveringslova § 4. Innsendingsplikta blir vareteken ved å registrere gjennomførte evalueringar i Kudos via Altinn.

Kontroll

Departementet ber om å få melding straks dersom fylkesrevisjonane har hatt vesentlege merknader/funn som gjeld forvaltinga av midlane.

Bruk av attståande midlar frå gamle postar

Midlar tildelt over programkategori 13.50 skal nyttast i høve til dei mål og vilkår som vart stilte då midlane vart løyvde. Bruk av midlar som står att, skal rapporterast i regionalforvaltning.no på same måte som tidlegare, og skal forvaltast i tråd med [forskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemiddel](#).

Fylkeskommunane må sjølve ha oversikt over attståande midlar, postar, konto og kva formål dei kan nyttast til.

2. Programkategori 08.45 Likestilling og ikkje-diskriminering

2.1 Universell utforming i regional og kommunal planlegging

Målet med løyvinga på programkategori 08.45 Likestilling og ikkje-diskriminering, kap. 352 Nedsett funksjonsevne, *post 71 Universell utforming og auka tilgjenge* er mellom anna å stimulere til og støtte tiltak for universell utforming og bidra til gjennomføring av tiltak i handlingsplanen for universell utforming.

Universell utforming – verdigrunnlaget

Verdigrunnlaget for universell utforming er at alle skal ha like høve for personleg utvikling, deltaking i samfunnet og livsutfalding. Eit samfunn der alle kan delta er òg eit grunnleggande prinsipp i berekraftsmåla. Universelt utforma aktivitetsfremmande bu- og nærområde, friområde samt offentlege uteområde for alle er ei nasjonale målsetting. Samfunns- og arealplanlegging er eit viktig verkemiddel for å oppnå dette.

Regjeringa sin handlingsplan for universell utforming, *Bærekraft og like muligheter – et universelt utformet Norge (2021–2025)* er forlenga til 2026, og skal bidra til eit berekraftig og likestilt samfunn gjennom universell utforming av fysiske og tekniske omgivnader. Dette er særleg viktig for personar med funksjonsnedsetting. Kultur- og likestillingsdepartementet (KUD) koordinerer arbeidet med universell utforming. Sektordepartementa har ansvaret for politikk og tiltak for universell utforming på eigne sektorområde. KUD koordinerer arbeidet med handlingsplanen.

Behov for kompetanseheving i universell utforming i planlegging

Det trengs framleis ei styrking av universell utforming i samfunns- og arealplanlegginga. Over programkategori 08.45 har KUD mellom anna tilskot med føremål å utvikle og styrkje gjennomføringa av universell utforming som samfunnskvalitet. Eit av kriteria er kompetanseheving og effektiv spreiding av informasjon om universell utforming i planlegging.

Tilskot over denne posten skal brukast til kompetanseheving i fylkeskommunane og kommunane. Tilskotet blir gitt til fylkeskommunane slik at dei kan auke kompetansen i eigen etat og slik er i stand til å ta omsyn til universell utforming i eigne regionale planar, og er i stand til å rettleie kommunane slik at dei tek vare på universell utforming i si planlegging. Dette er i tråd med plan- og bygningslova § 1-1 femte ledd.

Dette er vidare i tråd med den regionale samfunnsutviklarrolla til fylkeskommunane. Fylkeskommunane har som regional planstyresmakt etter § 3-1 i plan- og bygningslova eit lovpålagt ansvar for å rettleie kommunane i planlegging. Vidare er dette i tråd med [nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2023-2027](#).

I 2026 er det sett av totalt 1 mill. kroner som fylkeskommunane kan søkje på. Det er ikkje sett ei øvre grense for storleik på tilskot det kan søkast om i 2026. Tilskotet blir utbetalt frå Kommunal- og distriktsdepartementet etter søknad så langt midlane rekk. Vi ber derfor

fylkeskommunane førebu ein søknad i tråd med forklaringa under og sende den til postmottak@kdd.dep.no, med kopi til hilde.moe@kdd.dep.no.

Vi gjer merksam på at 2026 er det siste virkeåret for Handlingsplanen, er 2026 er difor det siste året desse midla er tilgjengeleg.

Målet for tilskotet

Målet for tilskotet er auka innsikt, kunnskap og kompetanse om korleis planlegge for eit universelt samfunn. Målgruppa er dei som skal gjennomføre samfunns- og arealplanlegging etter plan- og bygningslova i fylkeskommunane og i kommunane.

Kva kan midlane nyttast til

Tilskotet skal primært nyttast til opplæring av tilsette i fylkeskommunen som utarbeidar regionale planar, tilsette i fylkeskommunen som rettleiar kommunane i planlegging og til opplæring av tilsette i kommunen som utarbeider kommunale planar.

Tilskotet kan òg nyttast til kompetansehevande tiltak om universell utforming for tilsette i fylkeskommunane som skal delta i den regionale planlegginga (mellom anna innan samferdsle, folkehelse, vidaregåande opplæring, kulturarv, klima og miljø osv.). Tilskotet kan òg nyttast til opplæring av andre i kommunen som skal delta i den kommunale planlegginga (mellom anna politikarar, tilsette frå skulen, helseteneste, idrett, kultur, parkvesen mfl.).

Minst 50 prosent av midlane skal nyttast til opplæring av kommunale planleggarar.

Rapportering

Fylkeskommunane skal rapportere til Kommunal- og distriktsdepartementet på følgande vis: tal på og type kurs, tal på kommunar ved kurs for kommunar, tal på deltakarar frå høvesvis fylkeskommunar og kommunar, nytta beløp og eventuelt attståande beløp og planar for attståande beløp per oppgitt tidspunkt for rapportering.

Sjå pkt. 4 for datoar for rapportering.

4. Fristar i 2026 og 2027

2026	
1. februar	frist for å registrere endelege rammer og tildelingar per 31. desember 2025 i regionalforvaltning.no
1. februar	frist for å sende inn evalueringar og ev. revisjonsmerknader i 2025
1. mars	frist for utbetaling av heile løyvinga for oppdraga til Innovasjon Noreg og Siva for 2026
1. mars	frist for å sende oppdragsbrev for 2026 til Innovasjon Noreg og Siva, med kopi til departementet. Fylkeskommunane skal sette Innovasjon Noreg på kopi på oppdragsbrevet til Siva
1. mars	frist for rapportering på bruk av tilskotsmidlar på post 69 Mobilisering til forskingsbasert innovasjon for 2025 i regionalforvaltning.no
1.mars	frist for rapportering på post 60 Kompetanse og arbeidskraft i distrikta i 2025 i regionalforvaltning.no
10. mars	frist for å sende kopi av årleg fylkesvis rapportering frå Siva og Innovasjon Norge til departementet
10. april	frist for budsjettinnspel for omstilling over post 65. Departementet vil sende eit eige brev om dette
15. september	frist for rapportering av bruk av tilskotsmidel til universell utforming i planlegging pr. 31. august
27. oktober	frist for leveranse av innspel til budsjett og satsingsforslag for 2028 for post 61. Sjå omtale under posten
2027	
15. januar	frist for rapportering av bruk av tilskotsmidlar til universell utforming i planlegging pr. 13. desember 2026
1. februar	frist for å registrere endelege rammer og tildelingar per 31. desember 2026 i regionalforvaltning.no
1. februar	frist for å sende inn evalueringar og ev. revisjonsmerknader i 2026

5. Avslutning

Vi ber om at fylkeskommunane orienterer deltakarane i partnarskapet sitt om innhaldet i dette brevet, og ønskjer fylkeskommunane og partnarskapa lukke til med arbeidet i 2026.

Oppdragsbrevet med vedlegg blir lagt ut på nettsidene til Kommunal- og distriktsdepartementet.

Med helsing

Kristin Marie Felde (e.f.)
ekspedisjonssjef

Benedikte Gyribye Olafsen
rådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

6. Vedlegg

Vedlegg 1 Fylkesfordeling av kap. 553. post 60, 61, 63, 65, 66 og 69

Vedlegg 2 Statlige midler til Interreg 2026

Vedlegg 3 Krav og rettleiing til aktivitetsrapportering

Vedlegg 4 Mal for oppdragsbrev frå fylkeskommunane til Innovasjon Norge

Vedlegg 5 Mal for oppdragsbrev frå fylkeskommunane til Siva

Vedlegg 6 Retningslinjer kap. 553, post 61 Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling

Vedlegg 7 Forskrift om tilskuddsordninger til omstilling og utvikling i områder med særlige distriktsutfordringer

Vedlegg 8 Forskrift om Kommunal- og distriktsdepartementets tilskot FORREGION

Vedlegg 9 Forskrift om Kommunal- og distriktsdepartementets tilskot til MABIT

Vedlegg 10 Forskrift om Kommunal- og distriktsdepartementets tilskot til kompetanse og arbeidskraft i distrikta

Vedlegg 11 Rapportering på post 60 Kompetanse og arbeidskraft i distrikta

Vedlegg 12 Retningslinjer kap. 553, post 65a Bistand og rettleiing til distriktskommunar

Kopi

Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse

Distriktssenteret

Innovasjon Norge

Kultur- og likestillingsdepartementet

Kunnskapsdepartementet

Landbruks- og matdepartementet

Norges forskningsråd

Nærings- og fiskeridepartementet
Riksrevisjonen
Sametinget
SIVA - Selskapet for industrivekst SF